



Bokn kommune

Seksjon kultur, skule og barnehage

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA VED BOKN SKULE

Gjeld frå 1. august 2019

1 Eigartilhøve

Bokn kommune står som opprettar og eigar av skulefritidsordninga i kommunen.

2 Opptaksmynde

Bokn skule har opptaksmynde.

3 Kriterium for opptak

Bokn kommune skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for elevar frå 1.-4. trinn samt barn med særskilte behov frå 5.-7. trinn. Alle som er påmelde innan fristen 1. april får plass. Etter at fristen for påmelding har gått ut får ein plass dersom det er kapasitet. Stadfesting av plass vert sendt ut når det er tildelt plass. Barnet beheld plassen til det er ferdig med 4. trinn eller til plassen vert sagt opp skriftleg og oppseiingstida har gått ut.

4 Opptaksperiode, oppseiing og endring av plass i skulefritidsordninga

Oppseiingstida av plassen i skulefritidsordninga er to månader frå den 1. i påfylgjande månad. Oppseiinga må være registrert seinast innan utgangen av mai dersom eleven ikkje skal nytte SFO-plassen neste skuleår. Det er bindande påmelding til skulefritidsordninga. Sjølv om barnet ikkje har nytta plassen/byrja i SFO, må plassen seiast opp dersom den ikkje skal nyttast.

Dersom ein vil auke opphaldstida, gjeld dette som ei påmelding til anna opphald og opptakskriteriene vert gjeldane. Ved ledig kapasitet kan skulen avtale å auke opphaldstida med umiddelbar verknad. Med ynskje om redusert opphaldstid vert det rekna som ei oppseiing av ein del av tilbudet, og reglar for oppseiing gjeld.

5 Betaling

Utgiftene til skulefritidsordninga vert dekkja gjennom eigenbetaling frå foreldre/føresette. Betalingssatsane vert fastsatt av Kommunestyret. Det vert krevd betaling for 10 månader i året.

Det vert gitt søskenmoderasjon i betalinga på skulefritidsordninga med 30% på gjeldande satsar frå og med barn nummer to. Barna må ha same bustadsadresse i folkeregisteret for å få denne moderasjonen.

Søkarar med bruttoinntekt under 3G kan søkje om redusert foreldrebetaling. Barn med særskilde behov 5. – 7. trinn har friplass.

6 Leike- og opphaldsareal

Skulefritidsordninga bruker skulens samla inne- og uteområde etter avtale med rektor.

7 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid

Kommunen har fylgjande tilbod om opphaldstid:

Alle skuledagar og fridagar (7:00-16:30)
Alle skuledagar (7:00-16:30)
Full dag 3 dagar (7:00-16:30)
Lang ettermiddag 5 d. (skuleslutt-16:30)
Lang ettermiddag 3 d. (skuleslutt – 16:30)
Kort dag (skuleslutt – 14:10)
Morgen + kortdag (7:00-14:10)

Skulefritidsordninga har ope alle skuledagar frå 07:00 til skulestart og etter skuletid til 16:30. På skulefridagar er åpningstida frå 07:00 – 16:30. Tilbodet kan i ferieperiodar verte gitt i samarbeid med barnehagen. Skulefritidsordninga er stengd i perioden f.o.m 15. juli t.o.m 14. august kvart år. SFO er stengd jul- og nyttårsaftnen og onsdag før skjærtorsdag. I tillegg har SFO stengt fem kurs/planleggingsdagar i løpet av eit skoleår.

8 Bemanning og leing

Rektor er leiar for SFO. Ein av miljøarbeiderne tilsett i SFO har avsatt tid til å koordinere arbeidet. Det kan være inntil 15 barn per vaksen.